



NYHETSBRUV

jUL  2018



HBB prosjektet til NorSahel gir svært gode resultat i Mali.



I forbindelse med en stor konferanse i Oslo 12. september 2018 ble en forskningsartikkel presentert. Denne artikkelen har undersøkt resultatene på det første og største sykehuset som NorSahel har arbeidet ved i Mali siden 2015, CSRéf Kati (distrikts sykehuset i Kati). Dette sykehuset dekker over 600 000 mennesker og har mange fødsler. Artikkelen viser en nedgang på 60 prosent i nyfødt og dødfødraten på sykehuset etter at NorSahel startet arbeidet med å lære opp i gjenoppliving av nyfødte som ikke puster. Vi er stolte og glade av å kunne si at arbeidet vi gjør i Mali gir resultat og berger nyfødte!

Al samband med ein stor konferanse i Oslo 12. september 2018, blei ein forskningsartikkel presentert. Denne artikkelen har undersøkt resultat på det første og største sjukehuset som NorSahel har arbeidd ved i Mali sidan 2015, CSRéf Kati (distriktssjukehuset i Kati). Dette sjukehuset dekkjer over 600 000 menneske og har mange fødsjar. Artikkelen syner ein nedgang på 60 prosent i nyfødd- og dødføddraten på sjukehuset etter at NorSahel sette i gang arbeidet med å lære opp personell i gjenoppliving av nyfødde som ikkje pustar.

Vi er stolte og glade over å kunne sei at arbeidet vi gjer i Mali, gir resultat og bergar nyfødde! Maliske helsestyresmakter vil svært gjerne utvide samarbeidet med NorSahel . I samband med konferansen som er nemnt over, var ein stor delegasjon frå Mali på besøk . I tillegg til NorSahel sin maliske representant, deltok fleire legar og representantar for ansvarlege helsestyresmakter. Delegasjonen var unison i at samarbeidet med NorSahel hadde vore av det gode og oppmuntra oss til vidare innsats for landet.

Vi vil på ny rose vår største støttespelar, Kavlifondet, for at dei utvidar sitt engasjement i høve NorSahel sitt arbeid. Vi er klare til å gå vidare med HBB-prosjektet i Mali slik at vi fleire nyfødde liv kan reddast. Nye område spør nå etter HBB 2- metoden, og dei områda arbeidet er i gang, spør etter meir opplæring og sterkare fokus på metoden. Vi har til nå lært opp over 1000 legar og jordmødrer i denne metoden og er klare til å utvide innsatsen.



Lege Mari Innerdal frå NorSahel besøker Farada helsesenter i Mali 12 des 2018

NorSahel utvidar sykkelprosjektet til to nye ungdomskular



Til nå har NorSahel hatt arbeid ved 3 ungdomskular i Mali. I haust har vi, etter oppmoding frå Mali, utvida dette vellukka prosjektet til å gjelde 5 ungdomskular. Tiltaket har som mål å stimulere jenter, som bur langt frå skulen, til å fullføre ungdomskulen. Gjer dei det, får dei behalde sykkelen som dei, etter eit klart regelverk, fekk tildelt ved skulestart. Mange ungdomskular i området spør etter prosjektet, og fleire private gjeverar har medverka sterkt til at vi nå har kunna utvide.

Andelen jenter er vanlegvis så lågt som 20%, og endå lågare blant dei som fullfører. Som vi ser av tabellen under, har andelen jenter auka tydeleg ved dei skulane NorSahel har arbeidd. Vi vil løfte fram ein skule:

På Katabantankoto (heretter Katab) ungdomskule har dei, som tabellen viser, fått fantastiske resultat på kort tid. Her er no andelen jenter over 50%, noko som ikkje berre er unikt for området, men for Mali som heile. NorSahel vil seinare i vinter heidre elevar, foreldre og lærarar ved Katab ungdomskule for dette resultatet.

PS! Då prosjektet byrja ved Katab ungdomskule i 2014, var andelen jenter litt over 20%.



Ordførar i Tambaga kommune saman med fylkesmannen i Kita under utdeling av sykklar i okt. 2018 ved Tambaga ungdomskule. Myndighetene støttar prosjektet og meiner det hjelper fleire til skulegang!

Hawa fekk endra livet med ein sykkel frå NorSahel



Hawa er nå 16 år gamal. Ho bur saman med familien sin i Katakoto, ca. 6 km frå Tambaga. Sommaren 2015, for 3 år sidan, hadde familien tatt henne ut av skulen og førebudd seg på at 13 år gamle Hawa skulle giftast bort. Via ein lærer ved Tambaga ungdomsskule, fekk familien høyre om sykkelprosjektet til NorSahel. Då bestemte familien og faren seg for at Hawa likevel ikkje skulle giftast bort, men få høve til å gå på Tambaga Ungdomsskule. Hawa fekk skulesykkel og byrja på ungdomskulen i 7. kl (norsk 8. kl.). Nå i vår fullførde Hawa ungdomskulen og fekk papir på godkjent skulegang! Dette er en kjempes fin historie som viser at sykkelprosjektet nyttar.



Hawa 16 år gamal

Sykkelprosjektet




NorSahel byrja med sykkelprosjektet i 2013. Hovudmålet med prosjektet er å hjelpe fleire jenter til å gå og fullføre ungdomskulen. Andelen jenter på ungdomskule har vore låg og fråfallprosenten blant jenter har vore høg.

Prosjektet byrja med Tambaga ungdomskule frå 2013 og deretter Katabantankoto(Katab) ungdomskule frå 2014

Den tredje ungdomskulen NorSahel byrja arbeid ved var Kokofata ungdomskule.

No i haust 2018 byrja NorSahel arbeid ved to nye ungdomskular, Kobaronto og Koumakire.

Ved kvar skule er det utarbeida eit klart regelverk som underteiknas av eleven, foreldre og skulen. Til no har NorSahel bidratt med over **400** skulesykklar til jenter i Mali. Resultatet av prosjektet er at fleire jenter går på ungdomskule og fleire fullfører ungdomskulen





Nissedal Ungdomskule med stor innsats for Mali

Nissedal Ungdomskule gjorde ein kjempeinnsats for å samle inn pengar til syklar i haust. På ein internasjonal dag som ungdomskulen arrangerte no i starten av november, arbeidde elevar frå ungdomskulen heime, i ulike bedrifter eller ved kommunale arbeidsplassar og samla inn over 18 000 NOK. Dette er ny rekord for Nissedal Ungdomskule i høve innsamling til Mali. Stor takk til skulen for flott innsats!

NorSahel lanserer APP i Mali

NorSahel og partnerar i Stavanger og Oslo har arbeidd med å utvikle ein heilt ny APP til bruk i Mali. NorSahel står som prosjekteigar av appen som har fått namnet HBB App. Resultatet av arbeidet blei lagt fram på tidlegare nemnte konferanse på Rikshospitalet i haust – og vakte stor begeistring, også blant andre organisasjonar. NorSahel er straks klar til å ta denne i bruk som eit pilotprosjekt ved ein del fødestoger i Kati helsedistrikt. Vi vil med dette finne ut om dette er ein framtidsretta metode for å samle inn data i låginnteks-land som Mali, på ein sikrare, meir effektiv og meir kostnadssparande måte. Styresmaktenene i Mali er veldig begeistra for prosjektet!





GI EN HBB BAG. HJELP Å
BEKJEMPE
SPEDBARNSDØDELIGHET I MALI

VIPPS 900 kr. til 15556 MERK HBBdukke



GI EN SYKKEL. HJELP JENTER I
MALI Å FULLFØRE
UNGDOMSSKOLEN

VIPPS 600 KR. TIL 1556 MERK SYKKEL.

Trygghet for ditt bidrag

NorSahel er stolt medlem av Innsamlingskontrollen. Årets julekampanje fra Innsamlingskontrollen sier: Du blir ikke bare bedt om penger, men om tillit. Tillit til at pengene brukes til størst effekt for formålet. Derfor bør du gi til en av Innsamlingskontrollens godkjente organisasjoner.

Les meir på: www.innsamlingskontrollen.no

GIVERKONTO

Du kan gi ei gåve eller bli fast givar til
Giverkonto : 2801 32 59889
kontonavn: NorSahel.



Takk til alle som har støtta oss i 2018!
Vi ser fram til 2019 og ønsker deg og dine
godt nytt år!

NORSahel 
SPRE KUNNSKAP - GI LIV

Stor takk til vår Samarbeidspartnere

